

Breim Vilt- og Fiskelag, sone 5 og 6

v/Ola Bergheim

Breimsvegen 1975

6826 Byrkjelo

NVE

[uttalelse@nve.no](mailto:uttalelse@nve.no)

Byrkjelo 3.6.2024

## HØYRINGSUTTALE OM UTGREIINGSPROGRAM RE ENERGI KRAFTVERK I BREIMSELVA

-

### GENERELT: SOM TIDLEGARE I UTGANGSPUNKTET POSITIV GRUNNHALDNING TIL PROSJEKTET

Breim Vilt- og Fiskelag viser generelt til våre uttaler då søknad om same prosjekt med den gongen Breim Kraft som søkar vart handsama i perioden 2008-2018. Dokumenta utlagt på:

<https://www.nve.no/konsesjon/konsesjonssaker/konsesjonssak/?id=5756&type=V-1>

-

Vi samarbeidde då med Breim Bygdeutviklingslag om generelle krav og Ferda og Innlandsfiskeprosjektet når det galdt fiskefaglege krav.

-

Vi la vekt på mulegheiter for avbøtande tiltak i elva som bygging av tersklar, nedskyting av eit par mindre fossar og andre kompensierende tiltak slik at storauren kunne vandre oppover i vassdraget også ved mindre vassføring. Samt at utslepp frå kommunalt renseanlegg på Fløtre rett ovanfor inntaket vart ført direkte inn i kraftgata og utanom elva på strekninga. Store mengder stein opna også for mulegheiter for kombinasjon av førebygging langs elva og tilrettelegging for vandring og fising langs elva. Bygdeutviklingsprosjektet den gongen var «Naturbasert reiseliv for alle» der det var spesielt tilrettelagt også for barn, eldre og funksjonshemma.

-

Dåverandre utbyggarar var positive til ynskja både frå Fiskelaget og Bygdeutviklingslaget, og vi ber om at også dei nye utbyggarane blir pålagt å greie ut desse tinga.

-

Vi ynskte også at det vart sett av midlar til forskning om korvidt tiltaka for tilrettelegging for fisk/storaure hadde ynskt verknad, med mulegheiter for endringar. Vi peika m.a på tiltak som fisketeljarar, event kombinert med video slik at interesserte kan sjå fisken under opp- eller nedvandring, slik vi har sett i enkelte andre elvar.

-  
NYE VEKTLEGGINGAR/FAKTORAR MED STØRRE FOKUS I 2024-UTGREIING:

-  
Klimaendringar har blitt langt meir fokusert no pr 2024 enn då NVE fastsette utgreiingsprogrammet for Breim Kraft i 2010

I Breim Kraft si hovudutgreiing frå 2011 er brukt årsmiddelvassføringa 1971-2009:

-  
«Figur 23. Årsmiddelvannføring ved det planlagte inntaket i Storelva. Trendlinjen viser at vannføringen har hatt en svak stigning i denne perioden.»

<https://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/200901128/405775>

-  
Samanliknar vi med norsk klimaservicesenter

<https://klimaservicesenter.no/>

ser vi at det spesielt her på vår del av Vestlandet har vore aukande nedbør og ikkje minst aukande ekstremnedbør i stadig lenger periodar.

<https://klimaservicesenter.no/kss/klimaprofiler/sogn-og-fjordane>

Synleggjort med ekstremveret og rasa her i Breim/Utvik i 2017 og Jølster 2019 som dei mest spektakulære. Vi har dessutan hatt fleire kortare tilfelle av ekstremnedbør i partiet mellom desse to områda, over både Myklebustdalsbreen og Jostedalsbreen. Som har gjeve ekstremvassføring i anten Myklebustdalselva eller Stardalselva, dei to tilførselselvane til Breimelva, som renn i hop ved Byrkjelo, rundt 1 km ovanfor inntaket til Re Kraft. Men foreløpig har vi ikkje hatt samtidig langvarig ekstremnedbør over både Myklebustdalsbreen og Jostedalsbreen samtidig. Men det er noko vi meiner det er svært viktig å greie ut om.

-  
VI BER OM AT ÅRSMIDDELET BLIR REKNA FOR PERIODEN 1985-2023:

Klimaservicesenteret har laga større landsrapportar i 2009 og 2015

I den siste frå 2015 står det fylgjande når det gjeld nedbørsauken på Vestlandet spesielt og utgangsåra ein bør bruke (vår utguling):

s.11 – utgangår

-  
«Planlegning på kort sikt

For de neste 10-20 år vil naturlige variasjoner i stor grad dominere over «klimasignalet» som skyldes økt drivhuseffekt. For denne tidshorizonten anbefales det derfor at man bruker oppdaterte data for «dagens klima» i stedet for framskrivninger. Fordelene med å benytte statistikk basert på oppdaterte observasjoner antas å oppveie ulempene ved å neglisjere klimaendringssignalet.

I denne rapporten er perioden 1971–2000 benyttet som referanseperiode for atmosfæriske og hydrologiske variable, men for en rekke variable har det vært betydelige endringer i tiden etter denne perioden. Det er derfor også beregnet verdier for den ferskere trettiårsperioden 1985-2014, og det anbefales at resultater for denne perioden benyttes for planleggingsformål for de neste 10-20 årene.

-

s. 108 – auke i kraftig nedbør spesielt på Vestlandet

I tillegg til at antall dager med kraftig nedbør øker, er det også beregnet en økning i nedbørmengde på dager med kraftig nedbør (tabell 5.2.5). På lands- og årsbasis er forandringene for medianframskrivningen for RCP8.5 scenarioet +19 % ved slutten av århundret. For RCP4.5 scenarioet er det +12 %. Økningen ses i alle årstider (figur 5.2.14) og i alle regioner med noe større verdier om sommeren. Forandringen midlet over hele året er størst i nordlige Norge (figur 5.2.15), mens i absolutte verdier (forandring i antall millimeter) er forandringene kraftigst i kystnære strøk og spesielt på Vestlandet»

[https://www.met.no/kss/\\_/attachment/download/4140d58a-d368-4145-9c1f-e85de3d5fe74:1760c9f2c4acae80b91f61299dcf9e1187ce81cb/klimate-i-norge-2100-opplag2.pdf](https://www.met.no/kss/_/attachment/download/4140d58a-d368-4145-9c1f-e85de3d5fe74:1760c9f2c4acae80b91f61299dcf9e1187ce81cb/klimate-i-norge-2100-opplag2.pdf)

-

Klimaprofilen for Sogn og Fjordane seier m.a.:

## Klimaprofil Sogn og Fjordane

Sist oppdatert: april 2022

Kilde: Svein Arne Vågane, NVE.

**Klimaendringane vil i Sogn og Fjordane særleg føre til behov for tilpassing til kraftig nedbør og auka problem med overvatn; endringar i flaumforhold og flaumstorleikar; jordskred og flaumskred, samt havnivåstiging og stormflo**

### 1.1 Temperatur

Middeltemperaturen for året er for Sogn og Fjordane berekna å auke med kring 4,0 °C (låg: 3,0 °C, høg 5,0 °C). Det er tilnærma lik auke for haust, vinter og vår (4,0 °C (låg: 3,5 °C, høg: 5,0 °C)) og minst for sommaren (3,5 °C (låg: 2,5 °C, høg 5,0 °C)). Vekstsesonen er venta å auke med 2–3 månader over store delar av fylket, og mest i ytre kyststrok.

-

## Framtidige endringar

I Sogn og Fjordane ventar ein noko auke i gjennomsnittleg årleg vassføring, medan dei største endringane er venta innanfor året for dei einiskilde årstidene. Auka temperatur vil også påverke vassføringa gjennom året fordi den påverkar både snøakkumulasjon, snøsmelting og fordamping. Om vinteren er det venta auka vassføring fordi nedbøren aukar og meir nedbør kjem som regn i staden for snø»

-

<https://klimaservicesenter.no/kss/klimaprofiler/sogn-og-fjordane>

-

### HØG SLUKEEVNE OG KRAFTPRODUKSJON OGSÅ UNDER STORFLAUMAR

Ut frå klimaservicesenteret si forsking og prognosane framover ber vi om at det blir utgreidd stor slukeevne for kraftverket som flaumdempande tiltak, og at det blir utforma slik at produksjonen og slukeevna også blir brukt under storflaumar

-

### LENGER SOMMARSERSONG NÅR DET GJELD VASSFØRING/AUKA FLEKSIBILITET MED MULEGHEIT FOR VARIABEL VASSFØRING

I den gamle konsesjonsutgreiinga var «vinter» rekna frå 1. oktober til 1. mai. Med svært låg minstevassføring

Men endringane har alt ført til at fiskelaget har observert seinare gyting og auka fisketida ein månad i elva, til slutten av oktober. Dvs at tidlegare tiders «vintervassføring» frå 1. okt no er frå 1. nov. Og vil truleg bli enno seinare.

-

Vassføringa seinhaustes treng ikkje nødvendigvis vere like stor som sommarvassføringa. Men vi vil be at det blir spesielt greidd ut ei meir økologisk-biologisk fastsetjing av minstevassføringa gjennom året, med mulegheiter for fleksibilitet.

Vi viser her også til den fleksibiliteten ein har skissert når det gjeld auka vassføring nokre dager og tider av året for å auke mulegheitene for padling.

-

For Breim vilt- og fiskelag sone 5 og 6

Ola Bergheim (leiar)

E-post: [olalbergheim@gmail.com](mailto:olalbergheim@gmail.com)

Mobil: 99034782